



## Årsmelding 2014

# KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE

### Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2014 til 31.12.2014.

I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

#### Faste medlemmer:

- Marie Morken (leiar)
- Øystein Blom (nestleiar)
- Asbjørn Larsen
- Jarle Vikebø
- Beate Eknes

#### Varemedlemer:

- Kåre Skjelanger – vara for Morken
- Olav Oterholm – vara for Blom
- Anne Marie Skurtveit – vara for Larsen
- Helge Nygård – vara for Vikebø
- Henriette Fennelly – vara for Eknes

Utvalet har hatt 4 møter i perioden og har handsama 36 saker inklusiv formaliasaker. Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret utføre tilsyn og kontroll og rapporterer direkte til kommunestyret. Kontrollutvalet sine møte er opne møte frå og med 01.07.13 på lik linje med andre politiske møte.

Kontrollutvalet skal gi ein uttale til kommunen sitt rekneskap og årsmelding. Kommunen sitt rekneskap styrka seg betrakteleg i 2013. Kommunen sine inntekter auka med 6,2 % i 2013, mens driftsutgiftene auka med 0,2 %. Det gav grunnlag for ein sterk forbetring av netto driftsresultat. I 2013 var det nesten 30 mill kr og sjølv når ein tek omsyn til inntektene frå momskompensasjon på investering og tvungne avsetninger til bundne fond er det på nesten 20 mill kr. Denne betringa i økonomien gav grunnlag for at det akkumulerte underskotet i rekneskapen vart fjerna og Fylkesmannen kunne stryke kommunen frå Robek registeret. Kontrollutvalet ser det som viktig at kommunen held orden på økonomien, slik at det er en sunn økonomi med samsvar mellom driftsinntektene og driftsutgiftene.

Kommunen sin likviditet er framleis svak. Lånegjelda til kommunen er rimeleg høg.

I revisjonsrapport nr 11 er der peika på nokre område som kontrollutvalet har følgd opp og fått orientering frå administrasjon:

- Anleggsmidlar på sjølvkost må inn i kommunerekneskapen
- Bankkontor i Meland kommune sitt namn må inn i kommunerekneskapen
- Aksjefond – kommunen har for dårleg likviditet til å ha midlar i aksjefond
- Kreditnota – kommunen må ha betre dokumentasjon

Kontrollutvalet fikk utarbeida ein rapport frå revisjonen som såg på VA prosjektet Fløksand – Vikebø. Bakgrunnen for at kontrollutvalet ønska denne rapporten var store overskridingar på prosjektet. Rapporten viste at der var behov for å gjere endringar som kunne styrke styringa av investeringsprosjekt, som mellom anna:

- Innarbeide nærare retningslinjer for- og krav til realisme i prosjektering og kostnadsanalysar for investeringsprosjekt
- Sikre at ein har rutinar som fangar opp akkumulert verknad av kostnadsoverslag for endringar på komande prosjekt.
- Vurdere å avklare gjennom økonomireglement, eller liknande, kor tid eit avvik er av ein karakter som krev av rådmannen fremjar sak om tilleggsøyving.
- Innarbeide rutinar som sikrar at kommunestyret får informasjon dersom det skjer vesentlege endringar kring omfang eller andre forhold som har innverknad på prosjektet.
- Vurdere å gjennomgå og forbetre interne rutinar for offentlege anskaffingar, mellom anna ved å ta i bruk regjeringa sin mal for protokoll for offentlege anskaffingar eller tilsvarande. Korrekt bruk av malen vil sikre oppfylging av lovpålagte krav til dokumentering.

Kontrollutvalet ser det som viktig at denne rapporten får ein god oppfølging frå administrasjon.

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen sine rekneskap blir revidert på en betryggande måte. Revisjonen har orientert kontrollutvalet om deira arbeid. Der er også lagt fram vurdering av revisors uavhengighet som er handsama av kontrollutvalet.

Nokre saker som i tillegg er handsama av kontrollutvalet i 2014:

- Orientering om samhandlingsreformen – helse
- Orientering om den administrative organiseringa i kommunen
- Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport – «Vedlikehald av kommunale bygg» - administrasjon gav ein status for korleis tilrådingane i rapporten var følgt opp.

Kontrollutvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte.

Frekhaug, 28.01.2015

  
Marie Morken  
leiar